

Invitasjon til å foreslå kandidatar til styra i helseføretak under Helse Vest RHF

Helse- og omsorgsministeren har som øvste eigarmyndigheit i Helse Vest RHF gjort endringar av samansettinga i styret i føretaket. Dette for å innfri føresetnaden frå Soria-Moria-plattformen om at eit fleirtal av styremedlemmene skal peikast ut blant foreslåtte folkevalde på kommune- og fylkesnivå. Endringa skjer innanfor føretaksmodellen, og formålet er mellom anna å gi styra breiare samfunnsforståing og betre kontakten mellom befolkninga og styrande organ i spesialisthelsetenesta.

Helse Vest RHF vil gjere tilsvarende endringar i dei lokale helseføretaka og legg opp til at nye styrer med folkevald fleirtal skal bli utnemnde seinast innan 1. mai 2006.

Helse Vest RHF inviterer kommunar og fylkeskommunar i regionen til å foreslå aktuelle og egna folkevalde kandidatar til dei helseføretakstyra som er naturlege i forhold til kommunen/fylkeskommunen sin befolkning og dei ulike helseføretaka sine nedslagsfelt. Med folkevald meiner vi både personar med noverande verv og tidlegare folkevalde.

Helse Vest RHF ønskjer med dette brevet å klargjere rammene for invitasjonen til å fremje forslag. I brevet vert det og gjort greie for rammene med omsyn til styreutnemning og styresamansetning, aktuelle kompetansebehov samt tidshorisont for prosessen.

Skisse av rammer for styre og styreutnemning i helseføretak

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styre er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. I dei fem helseføretaka i vår region er det Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra. Dei endringane som no skal skje vert etablert innanfor den ansvarsstruktur og styringsmodell som gjeld for spesialisthelsetenesta. Det tydar at det framleis vil vere Helse Vest RHF som vurderer styresamansettinga og utnemner styra i helseføretaka. Styregodtgjersle skjer etter fastsette satsar.

I tråd med føretaksmodellen representerar eigaroppnemnde styremedlem i helseføretak ikkje politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper. Tilsvarende vil gjere seg gjeldande for eigaroppnemnde styremedlem foreslått blant folkevalde. Desse vil i tillegg til sin individuelle kompetanse bringe meg seg sin politiske erfaringsbakgrunn, men den einskilde skal ikkje representere særinteresser i styresamanheng.

Helse Vest RHF vil særskild gjere merksam på at Helse- og omsorgsdepartementet i brev av 10. juni 2005 har klargjort at personar med potensielle kommersielle interesser som anten sjølv leverer, arbeider eller har sentrale posisjonar i selskap som leverer konsulent- eller advokattenester til føretak, ikkje vil vere aktuelle som styremedlemmer i helseføretak.

Samansetting av styra

Ein legg opp til at dei nye styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF vil utgjere til saman ti medlemmer, kor sju er eigaroppnemnde medan tre er valde blant dei tilsette. Av dei sju eigaroppnemnde styremedlemmene vil medlemmer foreslått av og blant folkevalde utgjere fire medlemmer. For Apoteka Vest HF vil det nye styre ha sju medlemmer, kor to av medlemmene er tilsettere representantar. Av dei fem eigaroppnemnde styremedlemmene skal tre medlemmer vere foreslått og valde blant folkevalde.

Helse Vest RHF vil samanfatta motekne forslag, foreta heilskaplege vurderingar og velje hensiktsmessige styresamansettingar ut frå dei samla kompetansebehov og særskilde omsyn som gjer seg gjeldande for dei ulike helseføretaka. Med mange forslagsstillarar og endå fleire kandidatar til eit avgrensa tal styreverv vil dei nye styra ikkje vere basert på nokon form for representativitet, men det vil bli lagt særskild vekt på dekning av kompetansebehov, kjønnsbalanse og aktuelle folkevalde kandidatar i forhold til dei ulike helseføretaka sine naturlege nedslagsfelt i befolkninga. I kvart styre vil det bli vald styremedlemmer både etter forslag frå kommune- og fylkesnivå. Helse Vest RHF ønskjer også at styra skal reflektere ei spreidd med omsyn til partipolitisk tilhøyring og geografi.

Kompetansebehov

Ved samansetting av føretaka sine styre er det ei rekkje kompetansekrav og andre behov ein må sjå hen til. Dette for å sikre at styra til saman har den nødvendige og breie kompetanse til å sjå til det viktige oppdrag og ansvar som styra er gitt gjennom lov og av eigar. Mellom anna er det – i tråd med helseføretakslova sin førearbeidar – viktig å ha tilstrekkeleg kompetanse om pasientrolla og pasientane sine interesser, om primærhelsetenesta og innsikt i forskning og utdanning. Med bakgrunn i den styringsmodell som er lagt og føretaka sine rammevilkår er det også viktig med innsikt i styrearbeid, omstillingsprosessar og økonomi. Det skal takast omsyn til kjønnsmessig balanse, og styra må evne å ha eit heilskapleg perspektiv på oppgåveløysinga.

Tidshorisont og vidare prosess

Helse Vest tar sikte på å peike ut dei nye styra i føretaksmøte 6. april 2006. Dette legg føringar på tidsfrist for å fremje forslag på kandidatar. Den einskilde kommune/fylkeskommune må sjølv ta stilling til kva prosess ein ønskjer gjennomført i forkant av forslagsstillinga.

Av omsyn til vidare tidsplan ber vi om forslag til aktuelle folkevalde kandidatar til styra i helseføretaka innan 1. mars 2006. Det er anledning til å foreslå inntil fire folkevalde kandidatar til dei aktuelle helseføretaksstyra. Svarbrev med forslag og kortfatta CV til den einskilde kandidat vert sendt Helse Vest RHF, Postboks 303 Forus, 4066 Stavanger.

Med helsing

Herlof Nilssen
Administrerande direktør